



Bente Nilsen og Elisabeth Sæle med den gamle opningstida - snart blir den 8-21! (Foto: Ola Matti Mathisen)

SPAR i Uskedalen har til no hatt ope frå klokka 9 til 20, men frå måndag 1. februar blir opningstida forlenga med to timar - ein time om morgonen og ein time om kvelden. Det er i tråd med ei avgjerd i SPAR på landsbasis for å stå sterkare i konkurransen. SPAR-butikkane vil no innføra den nye opningstida - ein etter ein.

Det konstaterar dagleg leiar Bente Nilsen som minnar om at fleire av konkurrentane har ope lenger og har hatt det lenge .Nokre av dei har til dømes ope så lenge som til klokka 23.

- Det er ei spennande avgjerd, seier Bente, men legg til at ho ikkje minst har store forventningar til utvida opningstid om sommaren.
- Men det er vel heller ikkje i dag så mange kundar mot slutten av opningstida ?
- Jau, det er bra besøk heilt fram til klokka 20.
- Må det ansettast fleire folk på grunn av den utvida opningstida?
- Nei, det må vi ikkje. Ekstrajobben blir fordelt på dei 17 flinke medarbeidarane våre. No ser vi fram til å yta enda betre service, seier Bente.

Ho minnar også om at dei har fått ny nettside under SPAR-paraplyen.

Av Ola Matti Mathisen